



Jurgita fekk 30 000 i tilskot

SAJA, den nye kafeen på Brekketoppen, fekk 30 000 i tilskot av næringsfondet medan rådmannen hadde innstilt på 50 000.

Det var koalisjonen av Frp, Uavhengig, Venstre og Ap som gjekk inn for ein mindre sum og den vart vedteke samrøystes..

Jurgita Zemaitaitien hadde søkt om 130 000 på grunnlag av ein kostnad på 303 000 eksklusive eigeninnsats.

I søknaden vart det vist til at søkjaren har utdanning og mange års erfaring innan kokk og servitørfaget.

Dei satsar også på catering og det er teke sikte på 2 arbeidsplassar i starten.

Det er ikkje no andre serveringsstader i bygda som er ope heile året og alle dagar i veka utan førehandstinging vart det påpeika i søknaden.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen og Thor Inge Døssland